

Helse Bergen HF  
Helse Stavanger HF

**Dykkar ref:**  
«REF»

**Vår ref:**  
2017/865 - 3186/2018

**Sakshandsamar:**  
Bård Humberset 92018377

**Dato:**  
07.06.2018

## Oppfølging - Internrevisjon av internasjonale samarbeidsprosjekt

Vi viser til tidlegare utsendt revisjonsrapport. Dette brevet vil orientere om behandlinga av rapporten i RHF-styret (sak 60/18) 22. mai 2018. Av protokollen går følgjande vedtak fram:

1. Styret slutta seg til tilrådingane i rapporten og ba om å bli orientert om det vidare arbeidet med oppfølging av dei tiltak som føretaka set i verk.
2. Dei økonomiske rammene for det internasjonale arbeidet må ikkje aukast i åra framover.
3. Styret i Helse Vest vil be Helse Bergen og Helse Stavanger om at rutinene for utplassering av personell knytta til internasjonalt arbeid blir gjennomgått, for å sikre at personellet er ivaretatt sikkerheitsmessig og med nødvendige arbeids- og forsikringsordningar. Ansvaret knytta til pasientsikkerhet og til byggeprosjekt må og avklarast.  
Styret i Helse Vest vil og be Helse Bergen gjera ein vurdering av risikoen ved å delta i prosjekt i så mange utviklingsland.  
Styret vil be om tilbakemelding innan 01.10.2018.
4. Det må gjennomførast ROS analyse for alle nye og eksisterande prosjekt, med tilhøyrande beredskapsplan for det enkelte prosjekt.

Internrevisjonen i Helse Vest har fast rutine på å etterspørje status på oppfølging av dei handlingsplanane føretaka utarbeidde i sin respons på tilrådingane i rapporten. Denne rutinemessige oppfølginga skjer normalt 6 månader eller meir etter behandlinga. Nå har styret i Helse Vest eksplisitt bedt om ei tilbakemelding allereie til hausten på det som går fram av punkt 3.

Av omsyn til den vidare saksgangen, vil vi be Helse Bergen og Helse Stavanger om å melde tilbake på punkt 3 ikkje seinare enn 20. september. Internrevisjonen vil deretter legge fram ei sak for revisjonsutvalet i første omgang.

Vi reknar elles med å ta initiativ til ei breiare oppfølging ut på vinteren, etter fast rutine.

Vennleg helsing  
Internrevisjon

Bård Humberset  
leiar internrevisjon